Irene Nesse Vorland (t.h.) har fleire plater med Vamp og er på konsert saman med svigersonen Corne Leemans (f.v.), dattera Hilde Nesse Leemans og ektemannen Svein Vorland.

Vamp har dei siste åra samarbeidd mykje med færøiske Eivór Pálsdóttir.

Thøger Tveit (f.v.), Tove Kjeldaas, Tore Lilletvedt og Nina Lilletvedt rosar dei tilsette ved Panorama konferansehotell.

Vamp som hand i hanske

– Musikken, tekstane og bandet passar perfekt til denne plassen og til vårt publikum, meiner Ole Martin Opitz ved Panorama konferansehotell.

Odin Staveland i Vamp opna konserten med den populære singelen «Liten fugl», som kjem på bandets nye album i haust. Alle foto: Marit Kalgraf

KONSERT: Både parkeringsplassen og kaianlegget var fullt då 700 menneske fann vegen til Panorama konferansehotell fredag kveld for å få med seg den einaste konserten Vamp held i Hordaland denne sommaren.

Har fleire av platene

– Vi kjem med båt og har lagt til kai her nede. Då er det kort veg til senga, ler Irene Nesse Vorland.

Ho er glad i Vamp og har fleire plater av bandet som kjem med nytt album i løpet av hausten.

– Vi måtte jo gå på konsert når dei kom så nære oss! Og i morgon tar vi båten til Hellesøydagane, seier Nesse Vorland, som får ei aktiv helg. Dette er det første besøket ho tar på hotellet etter at dei nye eigarane opna i mars i fjor.

– Det er flott og intimt her på baksida, meiner Nesse Vorland.

Liten fugl

Det blei ein sosial kveld i Austefjorden. Buffeten i restauranten opna alt klokka fire om ettermiddagen, og utanfor fekk ein grillmat.

– Vi var her på bryllupsreise for 13 år sidan. Det er ein ganske annan standard her no, slår Tore Lilletvedt fast.

Han er på konserten med kona Nina og venneparet Thøger Tveit og Tove Kjeldaas. Dei fire er imponerte over hotellanlegget.

– Og dei tilsette er utruleg hyggjelege og serviceinnstilte, rosar Tveit.

Vamp opna konserten med «Liten fugl», som kom ut på singel tidlegare i år og som er ein av låtane på albumet som kjem i haust. Det er fire år sidan sist studioalbum, «St. Mandag», kom frå Vamp.

Får vokalløft av Eivór

Gjennom litt over 90 minutt serverte Vamp ein miks av gamle og nye låtar.

– Det blir ingen sommar utan 13 humler, introduserte Øyvind Staveland.

Med seg på konserten hadde bandet også færøiske Eivór Pálsdóttir, som dei har samarbeidd mykje med dei siste åra.

– Er det alltid så fint her? spurte ho då ho kom på scena i den strålande sola.

– Ja, kom det løgnaktig frå tredje benk.

– På Færøyane regnar det meir, smilte Pálsdóttir.

– Når eg syng med Eivór, høyrest det ut som eg syng finare enn eg eigentleg gjer, sa Odin Staveland.

Årleg sommarkonsert

Sals- og marknadssjef Ole Martin Opitz er strålande nøgd med arrangementet.

– Dette blei ein fantastisk suksess. Tilbakemeldingane er utelukkande positive, seier han nøgd.

I hamna låg det 17 båtar, og fleire båtar dreiv i fjorden.

– Vi kunne ikkje vore meir heldige med vêret, smiler han.

Festen haldt fram utover kvelden med DJ i partyteltet.

Opitz fortel at hotellet i alle fall vil prøva å få til ein stor konsert kvar sommar.

– Og vi tar gjerne imot Vamp igjen om dei vil koma. Dei passar plassen heilt perfekt, meiner Ole Martin Opitz.

MARIT KALGRAF
marit@vestnytt.no 996 32 062

Det er plass til tusen menneske på plassen på sørvestsida av Panorama konferansehotell, og publikum fann seg fint til rette i kveldssola fredag kveld.